

Føresegn om vedtekter for skulefritidsordning i Valle kommune

Fastsett av kommunestyret i Valle kommune 26.10.2022 med heimmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 13-7.

Innhaldsoversikt

[§ 1 Virkeområde](#)

[§ 2 Føremål](#)

[§3 Eigarskap](#)

[§ 4 Opptaksmyndigheit](#)

[§ 5 Opptakskriterier](#)

[§ 6 Periode for søknad, opptak og oppseiing av plass i SFO](#)

[§ 7 Bemanning og leiging](#)

[§8 Opningstid](#)

[§ 9 Foreldrebetaling](#)

[§ 10 Redusert foreldrebetaling](#)

[§ 11 Areal for leik og opphald](#)

[§ 12 Drift](#)

[§ 13 Mat](#)

[§ 14 Ansvar](#)

[§ 15 Revisjon](#)

[§ 16 Klage](#)

[§ 17 Ikrafttreding](#)

§ 1 Virkeområde

Vedtektene gjeld for den kommunale skulefritidsordninga (SFO) i Valle kommune for 1.-4. årssteg og for elevar med særskilte behov på 5.-7. årssteg.

§ 2 Føremål

Føremålet med SFO er å gje barn på 1.-4. årsteg, samt barn med særskilte behov på 5.-7. årsteg eit trygt tilsyns-, omsorgs- og fritidstilbod før og etter skulen si undervisningstid. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som høver til alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna. Normalt skal tilbodet omfatte aktivitetar både ute og inne. Verksemda skal drivast i nær forståing og samarbeid med heimen. Det skal gjevast moglegheit for læringsstøttande aktivitetar og leksehjelp i SFO.

§3 Eigarskap

Valle kommune er eigar av skulefritidsordninga.

§ 4 Opptaksmyndigheit

Kommunedirektør eller den han delegerer ansvaret til, er opptaksmyndigheit.

§ 5 Opptakskriterier

Alle barn på 1.–4. årsteg og barn med særskilte behov på 5.–7. årsteg, som er busett i Valle kommune, har rett til plass i SFO. For barn med særskilte behov må søknaden grunngjevast og det må ligge ved tilråding frå sakkunnig instans.

§ 6 Periode for søknad, opptak og oppseiing av plass i SFO

Søknadsfrist ved hovudopptak er 1.mars. Det er mogleg å søkje plass i SFO gjennom året.

Søknad om opptak, endringar og oppseiing skal vere skriftleg og på elektronisk skjema i skuleadministrasjonssystem.

Opptaket gjeld til og med 4. årssteg eller til avtalen endrast eller seiast opp av føresette.

Opptak for barn med særskilte behov på 5.–7. årssteg, gjeld til og med 7. årssteg eller til avtalen endrast eller seiast opp av føresette.

Plass i SFO seiast opp med ein månad oppseiingstid rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Søknad og opptak gjeld for SFO i skuleåret, ikkje for ferie- og fridagar. I haust-, jole-, vinter-, påske- og sumarferien, kan føresette melde barna på SFO direkte til skulen på gitt skjema.

Påmeldinga er frivillig, men bindande.

§ 7 Bemanning og leiing

Rektor er administrative og fagleg leiar for SFO. Bemanninga i SFO består av fagleiar SFO, fagarbeidarar og assistentar. Norm for bemanning er ein tilsett pr.12 barn.

§8 Opningstid

Opningstida er frå kl. 07.00 – 16.00 minus skuletida for 1. – 4.årssteg.

Nytt SFO-år tek til 1.august.

Plasstypar:

1. 100 % plass, fem dagar i veka
2. 80 % plass, fire faste dagar i veka
3. 60 % plass, tre faste dagar i veka

SFO er open alle virkedagar og er stengt laur-, sun- og heilagdagdar samt offentlege fridagar.

I haust-, jole-, vinter-, påske- og sumarferien er SFO open 07.00-16.00.

SFO er stengt jol- og nyttårsaftan,

SFO er stengt fem plandagar i året og

SFO er stengt tre veker frå og med 2. måndagen i juli.

§ 9 Foreldrebetaling

Betalingssatsar for opphald og mat, kjøp av ekstradagar i skuleåret, kjøp av feriedagar og gebyr for henting etter at SFO er stengt vert fastsett av kommunestyret kvart år. Opplysning om dette ligg på kommunen si heimeside.

Foreldrebetaling for skuleåret fordelast på 10 månader. Juli og august er betalingsfri.

Vedteke betaling for opphald gjeld for 190 dagar i året, i samsvar med vedteke skulerute for Valle kommune.

Kommunestyret vedtek kvart år egne satsar for ferie. Dette gjeld SFO-tilbod i tida utanom vedteke skulerute.

§ 10 Redusert foreldrebetaling

Familiar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling i tråd med forskrift til Opplæringslova. Vedtak om redusert foreldrebetaling gjeld for eitt SFO-år av gangen.

Dersom hushaldet, som har fått vedtak om redusert foreldrebetaling, får auka sine inntekter i løpet av SFO-året, plikter dei å opplyse om dette.

Dersom hushaldet i løpet av SFO-året får ein vesentleg og varig nedgang i inntekt samanlikna med skattemeldinga for siste år, kan foreldrebetalinga reduserast. Søkjar plikter å leggje frem dokumentasjon som syner at endringa er vesentleg og varig. Endringa gjerast gjeldande frå den påfølgjande månaden etter innlevert dokumentasjon.

SFO er gratis for elevar med særskilt behov på 5.-7.årssteg. Det fakturerast matpengar.

Det er fritak frå foreldrebetaling for 12 timar per veke for elevar på 1. årssteg som har plass i SFO. Ordninga gjeld og i skulen sine ferie- og fridagar. Det fakturerast matpengar. side 3 av 3

Det vert gitt søskenmoderasjon på 40 % for barn nummer to og oppover. Søskenmoderasjon gjeld for skuleåret og når søsken er påmeldt same dagar i feriar. Den gjeld ikkje for matpengar. Det betalast full sats for det eldste barnet.

§ 11 Areal for leik og opphald

SFO skal ha ute- og inneareal som er eigna til føremålet.

Areala skal være godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i skole og barnehage».

SFO er ein del av skulen og kan bruke klasserom for småskulen, spesialrom og SFO-base.

Det fysiske miljøet ved SFO skal tilfredsstillе krav om universell utforming.

SFO har felles uteområde med skulen eller Valle barnehage.

§ 12 Drift

Foreldre som har barn i SFO, vel sin representant med vararepresentant til FAU ved skulen.

I periodar der ein har redusert drift, som til dømes i feriar, kan SFO samarbeide med Hylestad og Valle barnehage om drifta.

§ 13 Mat

SFO tilbyr frukost kvar dag,

På ettermiddagen tilbyr SFO frukt og grønsaker samt eit enkelt måltid kvar dag.

§ 14 Ansvar

Kommunen har ansvaret for borna i den tida dei er på SFO.

Alle barn i SFO i Valle kommune er dekt av ei kollektiv ulykkesforsikring for opphald og reise direkte til og frå SFO.

Føresette har ansvar for transport av barna til og frå SFO.

Føresette har ansvar for egedelar som borna har med.

§ 15 Revisjon

Vedtektene vert oppdatert slik at dei er i tråd med lover, forskrifter, sentrale bestemmingar og lokale vedtak.

§ 16 Klage

Enkeltvedtak som er gjort i medhald av vedtektene kan klagast på etter reglene i forvaltningslova.

§ 17 Ikrafttreding

Vedtektene trer i kraft 01.01. 2023. Frå same tid opphevast Føresegn om skulefritidsordning i Valle kommune, vedteke i kommunestyret 26. februar 2020.